

Minneloge 2014

Me har nett feira allehelgenssøndag i kyrkja, og minnelosjen i kveld har den same hensikten, å heidra dei som er gått bort. Men i ein losje der timeglas og knoklar er sentrale symbol, blir det også viktig å minna oss sjølv om at i livets spel er døden vårt einaste sikre kort. Likevel, dette faktum likar me ikkje så godt å snakka om. Døden vil me helst ha på avstand, for den inneber utan unntak utsletting, sorg og savn.» Brått som et filmtriiks, borte. Ikke gått ut av huset, ikke reist ut av landet. Er ikke mer», seier diktaren Jan Erik Vold.

Døden slik sett er den siste fiende, og angsten for denne realiteten kan få mange utslag. Hypokondaren brukar mest heile livet på å sikra seg mot å døy, sjølv om ingen veit når, og ingen veit korleis. Andre fryktar at alt det gode dei har, skal bli borte, som kvinna i Olaf Bull sitt vakre kjærleiksdikt «Metope». Dei elskande går langs stranda, og han spør: «Venn, hva tenker du på?» «Jeg tenker på kvælder som denne, jeg ikke får lov til å leve, på modne marker av korn, uten meg».....

Atter andre ser på angsten for døden som kraft til å tola «the slings and arrows of an outraged fortune», slik som Shakespeares Hamlet: Hvem ville bære denne byrde, stønne og svette under livets åk, hvis ikke vi følte angst for noe etter døden, et uoppdaget land som ingen vandrers er vendt tilbake fra?

Å leva må vera eit «Væren til døden», seier den tyske filosofen Martin Heidegger. Pater Halvard Rieber Mohn har gitt ei svært god tolking av dette utsagnet: « Døden er en del av livet, og må inngå i hele vår livsfølelse. Fortrenger vi den, i angst, likegyldighet eller overmot, da lever vi mindre, og det vi lever, blir uegentlig og uvirkelig for oss. Å være menneske er å være dødsdømt, men benådet. Fra sykehusets vindu, to minutter etter at legen har sagt oss den dystre sannhet om vår tilstand, er himmelen mer blå, bladene grønnere, lyset gulere for vårt blikk. Og vi tenker: Så dyrebar, så intens, så overveldende skulle hver enkelt av mine dager ha vært. Nå er det bare noen få tilbake, som jeg kan takke for».

Noko av denne intense livskjensla opplever me i den svenske diktaren Pär Lagerkvists dikt til skumringstimen:

Det är vackrast när det skymmer.
All den kärlek himlen rymmer
Ligger samlad i et dunkelt ljus
över jorden,
över markens hus.

Alt är ömhet, alt är smekt av händer.
Herren själv utplånar fjärran stränder.
Alt är nära, alt är långt ifrån.
Alt är givet
människan som lån.

Alt är mitt, och alt skall tagas från mig,
Inom kort skall allting tagas från mig.
Träden, molnen, marken där jag går.
Jag skall vandra-
ensam, utan spår.

Carpe Diem- grip dagen, så mange får lyst å heidra minnet den kvelden me stilt
går om bord, og vår livbåt blir låra i seks fot med jord.

bita